

## **Modellutprøving - tverrfagleg muskel-/skjelettpoliklinikk**

**Helse Førde HF, Klinikk for rehabilitering og kronisk sjukdom, Avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering.**

### **Bakgrunn**

Arbeidet ved poliklinikken byggjer mellom anna på resultat frå Bergensprosjekta "Tilbake til jobb" , etablert i 1993, og "Aktiv oppfølging", som blei gjennomført i 1995-96. Tverrfaglege poliklinikkar har vist seg effektive i forhold til at pasientar med muskelskjelettplagar kjem seg tilbake i arbeidslivet.

### **Mål**

Den tverrfaglege poliklinikken vil gi tilbud til pasientar med muskelskjelettplagar, som er sjuke, sjukmelde eller midlertidig arbeidsutføre på grunn av desse plagane.

Tverrfagleg oppfølging av pasientane neten inntil friskmelding, til pasienten er tilbake i tilrettelagt arbeidsrelatert aktivitet eller er erklært heilt eller delvis ufør.

Tilbodet skal vere tilpassa pasientar med vedvarande og/eller samansette tilstander der det er behov for tverrfaglege tiltak og oppfølging over lengre tid, innanfor helsetenesta og i samarbeid med NAV.

### **Arbeidsmetode/overføringsverdi til andre einingar**

Det er ønskeleg å følgje opp vanskelege tilfeller i faget fysikalsk medisin og rehabilitering på same måte som reumatolog følgjer opp pasientar med aktiv leddgikt, eller som nevrolog følgjer opp pasientar med nyoppdaga nevrologiske sjukdommar.

Etter den tverrfaglege utgreiinga/kartlegginga vil den enkelte pasient få informasjon om moglegheiter for behandling, og ved usikker prognose informasjon om rettar og plikter i forhold til arbeidsplass og trygdesystem. Som informert pasient kan han/ho, saman med tverrfagleg team, delta aktivt i drøftingar og beslutningar som gjeld behandling og/eller tilrettelegging. Målet er å finne løysingar som eignar seg for pasienten.

Behandling og/eller tilrettelegging kan skje poliklinisk ved AFMR, og/eller i samarbeid med øvrig offentleg og privat spesialisthelseteneste, fastlege, evt. andre i lokalt hjelpeapparat, arbeidsgivar og/eller NAV. Pasienten vil bestemme om han/ho ynskjer at tverrfagleg team ved AFMR skal involvere seg i dialog med arbeidsgivar og/eller NAV.

Det blir regelmessig evaluering av den tverrfaglege behandlinga, gjennom oppfølging av pasienten. Ved manglande effekt av terapi hittil, blir behov for andre tiltak vurdert.

Gjennom arbeidet med tverrfagleg poliklinikk blir det forsøkt vist effekt og betydning av pasienten sin eigentrening, fysioterapi hos kommunal fysioterapeut evt. annan type behandling til dømes hos kiropraktor eller med medikament, og av tilrettelegging på arbeidsplassen. Å styrkje pasienten si tru på at han/ho kan finne løysingar på eigne problem (empowerment) blir sentralt i arbeidet ved poliklinikken.

## **Evaluering**

- I kva grad pasienten sitt forhold til arbeidslivet er avklara (prosent sjukmelding, evt. uføretrygde).
- Pasienttilfredsheit: Pasienten sin tilfredsheit med vår teneste i forhold til eige behov.

## **Kontaktpersonar**

[Marte Bale](#) (spesialfysioterapeut/prosjektmedarbeidar)

[Hanna Froehle-Sollie](#) (spesialistlege/prosjektleder)